



Gulen kommune
– historisk og framtidsetra



Planprogram

for

kommuneplan for Gulen kommune

revisjon av samfunnsdel og arealdel



Periode 2012-2024

Sak 12/764
JP 12/9095

Forslag PLT / FVR:
Framlegg formannskapet:
Høyring av planprogram:

02-10-2012 / 30.1.2013 revidert etter høyring
11. okt. 2012
18.10.2012 til 07.12.2012 utvida til 18.12.2012

Framlegg Formannskapet:
Vedtak kommunestyret:

8. mars 2013
21. mars 2013

Planprogram

Innholdsliste:

1.0 Innleiing	2
<i>Kart 1: plassering av resterande delplanane i Gulen kommune: (raud sirkel)</i>	2
1.1 Kva er eit planprogram?	4
<i>Tabell 1: oversikt kommune(del)planar med plan for revisjon:</i>	4
<i>Tabell 2: oversikt kommuneplanar med plan for revisjon:</i>	4
1.2 Behov for revisjon av arealdelen til kommunedelplanen	5
1.3 Krav om konsekvensutgreiing	7
1.4 Overordna rammer	7
2.0 Delplanskildring for prioriterte delområda	8
2.1 Status for områda i dag:	8
<i>Kart 2: oversikt av grunnkrinsar, skulekrinsar, bygdesenter og delplanar</i>	8
2.2 Avgrensing av planområdet:	9
<i>Kart 9: planavgrensing</i>	9
2.3 Formålet med planarbeid:.....	11
2.4 Følgjande tema er vesentleg i nærare planarbeidet:	13
2.5 Tema for konsekvensutgreiing:	18
<i>Tabell 3: tema for konsekvensutgreiing</i>	19
3.0 Organisering	20
3.1 Ansvar	20
3.2 Medverknad	20
3.3 Framdrift kommuneplan, mal for revisjon av arealdel (EKSEMPEL)	21
4.0 Planføresetnader og overordna rammer	22
5.0 Reguleringsplanar innanfor planområdet	24
6.0 Sjekkliste for konsekvensutgreiing	25

Kjelde: Bilete på framside viser Tusenårsstaden på Flolid


Planprogram

1.0 Innleiing

Kommuneplan for Gulen vart sist handsama i periode 2006 – 2008. Samfunnsdelen vart vedteke i sak 633/07 den 2007 og arealdelen i sak 09/00383 den 8.5.2009. På førehand av planoppstart med planprogram vart planstrategi drøfta og eventuelle følgje teke med vidare i rullering av både samfunnsdelen og arealdelen for kommuneplan. Det er sannsynleg ikkje så store endringar etter 4 år. Arealdelen for kommuneplanen er også rimeleg god oppdatert. Mest viktige fokus ligg på opprusting av arealplankart i forhold til ny plan- og bygningslov og rullering av **berre 'dei kvite delane' i kommuneplanen**, som representerer 8 kommunedelplanar, vedteke mellom 1990 og 1997. (sjå nedafor kart 1). Kommunedelplan for både Steine – Sløvåg – Skipavik og Eivindvik er allereie oppdatert 2012 (sjå grønt merka områda).

Gjeldande kommuneplan omfattar cirka 984000 daa. Vi foreslår i planprogrammet å innskrenke særleg områda for kommunedelplanar for Byrknesøy, Dalsøyra, Haveland-Nordgulen-Nese, Brekke, Ytre og Indre Oppedal, slik at områda blir oppdatert til dagens behov og vidare utvikling innan dei 4 bygdesenter i Gulen. Det betyr at berre innspel innan raudt merka områda i nedanfor kart vert teke med i denne rulleringen.

Kart 1: plassering av resterande delplanane i Gulen kommune: (raud sirkel)



Oppsummert hovudføremål og utfordringar i bygdesenter for Brekke, Dalsøyra og Byrknesøy:

- Å sikre gode og tilstrekkelege areal for næringsutvikling.
- Å setje av område for bustadbygging, offentlege føremål, mm.
- Å setje av område for vidare bygdeutvikling med fokus på kultur og handel.
- Å avklare trafikktryggleik nettverk for fleire og ulike trafikkantar.
- Å avklare buffersone mellom dei ulike områda.
- Å utgreie nærmare utfordringar i hovudsatsingsområda ifølgje samfunnsplanen:
 - Busetnad / senterfunksjon
 - Infrastruktur / næringsliv
 - Barn og unge / Kultur

Planprogram

I dei siste 4 år er ulike lov og forskrift endra, og dermed er det viktig for oppdatering av heile arealdelen i forhold til:

- Plan- og bygningslov, omsynssoner, osv.,
- Risiko og sårbarheitsanalyse (ROS),
- Naturmangfaldvurdering,
- Kulturminne,
- Klima, miljø og energi

(Fotnote: For nærare detaljert oversikt sjå vedlagt liste med endringar.)

Hovudstrategien i planarbeidet er:

- Oppdatering av arealdelen i samsvar med ny PBL 2008
- Vidareføring av alle (8) kommunedelplanar i kommuneplanen
- Vidareføring av IKP for Fensfjorden som KDP i kommuneplanen
- Etter utarbeiding av strandsoneanalyse og utvida bygdesenter analyse i strandsone utarbeiding av samla utbyggingsstrategi for dei tre resterande bygdesenter, Brekke, Dalsøyra og Byrknes. Det blir ei samla konsekvensutgreiing for verknadane dei tre bygdesenter.
- Verknadane av enkeltområde er ikkje prioritert i denne rulleringa. Evaluering av Planstrategi og samfunnsdelen viser at utbyggingsplanlegging er aktuelt nok.

I planprosessen vert samarbeid med næringsliv, bygdefolk andre berørte partar viktig. Deltaking av unge i prosessen er også viktig element. Eivindvik er kommunesenteret og eit av fire bygdesenter i heile Gulen kommune. Andre bygdesenter er Brekke, Dalsøyra og Byrknesøy. I tillegg vil kommunen satse på kommunale tenestetilbod.

Fyrste tiltak i planarbeidet:

- | | |
|--|-------------------------|
| - Aktualisering planstrategi på regional nivå | vedtak 21.6.12 |
| - Planoppstart i Formannskapsmøte med førebuing og diskusjon | 13.sep.12 |
| - Revidering planprogram | sep. – okt. 12 |
| - vedtak oppstart planarbeid og planprogram i Formannskap, | 11. okt 12 |
| - høyring og offentleg gjennomsyn av planprogram, | 18. okt – 7. des 12 |
| - Vedtak planprogram | mars 13 |
| - Aktualisering samfunnsdelen | okt 12 - mar 13 |
| - Høyringsmøter i bygda, Brekke, Dalsøyra og Byrknes | ca. des 12- mar 13 |
| - samrådsmøter, instansar, lag, organisasjonar, næring | ca. des 12 - jun 13 |
| - Framlegging av samfunnsdelen, 1. gongs handsaming, | ca. mar 13 ??? |
| - Framlegging av samfunnsdelen til Fylkesutval | mar – apr 13 |
| - Samrådsmøte med Planforum | mar – jun 13 |
| - Arbeidsmøter i bygda, Brekke, Dalsøyra og Byrknes | ca. mar – mai 13 |
| - Framlegging av arealdelen, 1. gongs handsaming, | ca. sep 13 |
| - 1. gongs høyring og offentleg gjennomsyn | ca. sep – okt 13 |
| - Samrådsmøte med Planforum | ca. sep – okt 13 |

Planprogram

1.1 Kva er eit planprogram?

Formål - Planprogram er det fyrste dokumentet i eit planarbeid.

I eit planprogram for kommuneplanar skal ein i fylgje forskrifta:

- avklare rammer og premisser, samt klargjere formålet med planarbeidet.
- gje ei skildring av kva utbyggingsstrategiar og alternativ som vil verte vurdert og problemstillingar som vil verte belyst, her under utredningar som vert å sjå som naudsynt for å gje eit godt avgjerdsgrunnlag.
- skildre opplegg for informasjon og medverknad

Planprogrammet skal lagast for kvar kommune(del)plan med felles og arealspesifikke emne og tema. Dette programmet vil samle både kommuneplanen og 6 delplanane.

Oversikt over gjeldande Kommune(del)planar er vist nedafor i tabell 1:

Tabell 1: oversikt kommune(del)planar med plan for revisjon:

Noverande Planidentitet	Plannamn	Saksnummer	Planstatus	Planlagt revisjon	Godkjent Dato
1993001	Kommunedelplan for Steine - Sløvåg	118/93	Erstatta	-	25.10.1993
1996002		038/97	Erstatta	2010	20.03.1997
1990002	Kommunedelplan for Eivindvik	090/90	Erstatta	2010	08.11.1990
1990003	Kommunedelplan for Brekke	091/90	Gjeldande plan	2012	08.11.1990
1993004	Kommunedelplan for Dalsøyra	129/93	Gjeldande plan	2012	25.11.1993
1990004	Kommunedelplan for Byrknes	092/90	Gjeldande plan	2012	08.11.1990
1990005	Kommunedelplan for Ytre Oppedal	093/90	Gjeldande plan	2012	08.11.1990
1993002	Kommunedelplan for Haveland / Nordgulen og Nese	127/93	Gjeldande plan	2012	25.11.1993
1993003	Kommunedelplan for Indre Oppedal	128/93	Gjeldande plan	2012	25.11.1993
2010001	Kommunedelplan for Steine Sløvåg Skipavik	10/00320 046/12	Gjeldande plan	2016	21.6.2012
2010002	Kommunedelplan for Eivindvik	10/00827 067/12	Gjeldande plan	2016	27.9.2012
2010003	Kommunedelplan for IKP Fensfjorden	10/00604 084/12	Gjeldande plan	2016	20.12.2012

Oversikt av ulike samanhengande kommuneplanar er vist i tabell 2:

Tabell 2: oversikt kommuneplanar med plan for revisjon:

Planidentitet	Plannamn	Saksnummer	Planstatus	Planlagt revisjon	Godkjent Dato
1999007	Kommuneplan for Gulen, 2000 - 2010	69/99	Utgått	-	-
2004009	Kommunedelplan Hyttebygging (temaplan, ikkje juridisk bindande)	04/01347	Gjeldand	***	30.9.2004
2004011	Kommuneplan sin arealdel, avgrensa rullering, fritidsbustader	05/00649	Erstatta	2008	16.6.2005
2006013	Kommuneplan for Gulen, 2007 – 2020, samfunnsdelen	07/00633	Gjeldand	2012	21.6.2007
2007004	Kommuneplan for Gulen, 2008 – 2020, arealdelen	09/00383	Gjeldand	2012	8.5.2009
2012001	Kommuneplan for Gulen, 2012 – 2024, arealdelen	12/00764 12/01044	Plan under arbeid		
2012002	Kommuneplan for Gulen, 2012 – 2024, samfunnsdelen	12/00764 12/01044	Plan under arbeid		

*** Fotnote: temaplan blir erstatta ved strandsoneanalyse 2010 – 2012.

Relaterte sakar - Planprogrammet for Kommuneplan for Gulen går ut frå følgjande kommunale saksdokument:

- *Kommuneplanen sin arealdel, 8.5.2009*

Planprogram

- *Kommuneplanen sin samfunnsdelen, 21.6.2007*
- *Gjeldane kommunedelplanar 1990 – 1997- 2012*
- *Gjeldane reguleringsplanar, sjå tabell i § 5.0*
- *Økonomiplan, aktuelt plan*
- *Handlingsplan, aktuelt plan*
- *Kima og energiplan Gulen 2011*
- *Beredskapsplan for Gulen 2011*
- *Rullering trafikktryggingsplan for Gulen 2012, pågår*
- *Strandsone analyse del 1 for Gulen kommune, del 2 pågår*
- *Planstrategi 27.4.2012, handsama i KOM 21.6.2012*

Forskrift - Plikt til å utarbeide planprogram fylgjer av Plan og Bygningslov (PBL), i kraft 1. juli 2009 og Forskrift om 'konsekvensutredning' (KU), i kraft 26. juni 2009.

Høyring - Vedtak om kunngjering av planoppstart vedtakast av Formannskapet ifølgje reglement for delegering.

Planprogrammet skal sendast ut på høyring og til offentleg gjennomsyn samstundes som det vert kunngjort oppstart av planarbeid. Dersom myndigheiter på bakgrunn av programmet vurderer det slik at planen kjem i konflikt med nasjonale eller viktige regionale omsyn, skal dette kome fram under høyringa av programmet. Programmet bør ligge ute til offentleg gjennomsyn i minst 6 veker.

Etter høyring vert planprogrammet vedteke av kommunestyret, og det skal ligge til grunn for utarbeidinga av planforslaget.

1.2 Behov for revisjon av arealdelen til kommunedelplanen

Lovgrunnlaget - Plan og bygningslova § 4-1. om planprogram

Planstatus - Gulen kommune har i dag ein samfunnsdel til kommuneplanen, vedteke 21.6.2007. Gjeldande arealdel vart sist revidert i 2009. Dagens kommunedelplanar er frå 1990,1993 og 1997 (sjå tabell 1).

Visjon – Gulen kommune har følgjande visjon som er framleis aktuelt:

Historisk og framtidsetta

Med:

- *Gode oppvekstvilkår*
- *Livskraftige og samarbeidande bygder*
- *Mangfald og rom for alle*

Planstrategi – På forkant av rullering av samfunnsdelen og arealdelen er det behov for fornying av planstrategi kvart fjerde år. Nasjonale og regionale planlegging og strategiar bør takast omsyn til i kommunal planstrategien.

Oppsummering frå Planstrategien:

Gjeldande planar vart evaluert i planstrategien.

- Samfunnsdelen som styringsreiskap er framleis aktuell og viktig for utvikling i kommunen.
- Evaluering viser tiltak som er gjennomført, under arbeid, ikkje har nådd.

Planprogram

- Arealdelen vart planlagt for å rullere 8 kommunedelplanar, to av dei er snart ferdig. I tillegg viser ny lovgiving at arealdelen treng oppgradering på ulike team, bl.a. rasfare, klima, naturmangfald, mm.
- Andre temaplanar vart evaluert. Konklusjon er at fleire står på tiltaksliste for 4-årig rullering.
- Nasjonale forventingar.
- Regionale føringar og planar, planstrategi av fylkeskommunen.
- Interkommunale samarbeid

Utfordringar som kjem tilbake nærmare i utgreiing av tema for alternative strategiar i samfunnsdelen. I formannskapsmøte 13.9.12 kom fram følgjande merknader:

- Folketalsutvikling
I siste år var det vekst i folketal. Utgreiingsbehov for å sikre denne veksten framover.
- Variasjon i arbeidsplassar
Utgreiingsbehov for noverande og nye type næring og geografisk plassering.
- Robuste bygdesenter
Framleis behalde 4 bygdesenter. Utgreiingsbehov for identifisering og typering for dei 4 bygda. Betyding for «robuste bygda» i forhold til likt tilbod og kva følgje har sånn målsetjing for handlings- og økonomiplan?
Er kvar bygda tilrettelagt for å skape møteplass?
- Kvalitet på kommunale tenestetilbodet
Utgreiingsbehov for de- / sentral plassering, utvikle og behalde kompetanse. Vidare utbygging for samarbeid med andre kommunane
- Folkehelse
Er viktig for kvar satsingsområde.
Utgreiingsbehov for kommunale tenestetilbod
- Klima og miljø
Er viktig for kvar satsingsområde.
Utgreiingsbehov for redusering transportbehov gjeld for alle satsingsområde.

Samfunnsdelen - Samfunnsdelen inneheld mål og visjonar som skal ligge til grunn for all planlegging og forvaltning i kommunen. Planen bør syne sentrale utviklingstrekk og definere hovudmålsettingar for planperioden.

I dette planprogrammet for kommunedelplanen kjem den reviderte og vedteke samfunnsdelen tilbake som utgangspunkt for vidare arbeid i delplanarbeid.

Følgjande Satsingsområde kjem tilbake i revidering av samfunnsdelen tilhørande måla og strategiar blir teke med vidare i nedanfor tema for konsekvensutgreiing.

- Bustad / senterfunksjon
 - o Folketalsutvikling
 - o Kvalitet på kommunale tenestetilbodet
 - o Klima og miljø
- Infrastruktur / næringsliv
 - o Variasjon i arbeidsplassar
 - o Klima og miljø
- Barn og unge / kultur

Planprogram

- Folkehelse
- Klima og miljø

Viktigaste konklusjon i planstrategien er medhald, kommunikasjon med folkevalde om at behalde målformuleringane er tydeleg og forståeleg. Revidering av noverande og innarbeiding av viktige strategiane, som folkehelse og klima og miljø. I tillegg må vi presisere kommunale teneste.

Arealdelen - Arealdelen til kommuneplanen er styrande for forvaltning av areala og naturressursane i kommunen. Det er behov for revisjon av arealbruk, og samstundes å avklare viktige arealspørsmål med regionale myndigheiter. Gulen kommune har 8 kommunedelplanar. 2 av dei, Sløvåg og Eivindvik blir ferdig i 2012. Andre 6 delplanar vert vurdert som viktigaste områda for rullering. Opphavleg vart desse reviderast fortløpande ifølgje vedteken handlingsplanen 2010 – 2013.

Hovud konklusjon er at arealdelen må vere ein heilskapleg plan inkludert dei tidlegare delområda. Målet med rulleringa er å slå saman alle separate kart til ein og knytt til aktuelle føresegner. Det betyr at vedteke kommunedelplanar blir vidare ført til ny kommuneplanen og at skal gjelde berre ein versjon av føresegner. Bygdesenter og samferdsel mellom dei fire bygdene blir hovudmåla.

Pågåande ny Interkommunal plan for Fensfjorden som kommunedelplan skal teke omsyn til.

1.3 Krav om konsekvensutgreiing

Forskrift – «Forskrift om konsekvensutredning av 26. juni 2009» (FOR 2009-06-26 nr 855) stiller krav til prosessen for utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel og kommuneplanar der det vert lagt ut nye utbyggingsområde. I ny rettleiar for konsekvensutgreiing 07/2012 er gitt nærare forklaring i forhold til kommuneplans arealdel. Sjå T-1493 'Konsekvensutredninger'.

Forskrifta er revidert med utgangspunkt i at kravet til konsekvensutgreiing for planar no er innarbeida i ny plandel i plan- bygningsloven.

I den grad planen legg til rette for kjente, større tiltak skal planprogrammet klargjere kva konsekvensar som skal utgreiast. For kommuneplanen sin arealdel er det berre dei delar av planen som fastset rammer for framtidig utbygging og som inneber endringar i forhold til gjeldane plan som skal utgreiast.

1.4 Overordna rammer

Ei rekkje nasjonale mål og føringar legg rammer for arbeidet med kommunedelplanane. Sjå § 4.0 for tabell.

I samband med rammer blir ulike kart og databaser brukt i Arealanalyser: sjå www.miljokommune.no

Her finnast oversikt over relevante registreringar og informasjon, om f.e. natur- og miljøtilhøve, friluftsinnteresser m.v. og vegen vidare naturbasen, Fylkesatlas, Miljøstatus, Fylkesdelplan for arealbruk, inngrepsfrie naturområde i Sogn og Fjordane.

Planprogram

2.2 Avgrensing av planområdet:

Kommuneplan for Gulen vart sist handsama i periode 2006 – 2008. Samfunnsdelen vart vedteke i sak 633/07 den 2007 og arealdelen i sak 09/00383 den 8.5.2009. Etter drøfting og handsaming planstrategi for Gulen og revidering av samfunnsdelen, er det ikkje så store endringar etter 4 år. Arealdelen for kommuneplanen er også rimeleg god oppdatert.


Mest viktige fokus ligg på rullering av 'dei kvite delane' i kommuneplanen, som representerer 8 kommunedelplanar, vedteke mellom 1990 og 1997. (sjå kart 1).

Gjeldande kommuneplan omfattar cirka 969000 daa. Vi foreslår i planprogrammet å sette fokus på særleg områda for Byrknesøy, Dalsøyra, Haveland-Nordgulen-Nese, Brekke, Ytre og Indre Oppedal, slik at områda blir oppdatert til dagens behov og vidare utvikling.


Innanfor planområdet ligg fleire reguleringsplanar. (sjå tabell § 5).

Sjå nedafor kart med planavgrensing av planområde.

Kart 9: planavgrensing



Planprogram



(Del)plankart:

Byrknesøy,	plankart A3,	målestokk 1:15.000
Dalsøyra,	plankart A3,	målestokk 1:15.000
Haveland,	plankart A3,	målestokk 1:15.000
Brekke,	plankart A3,	målestokk 1:15.000
Oppedal	plankart A3,	målestokk 1:15.000
Gulen,	plankart A0,	målestokk 1:50.000

Planprogram

Oppsummering av registrerte føremål i kommuneplanen for Gulen 2008 – 2020:
Kolonne kp 2012 er totalt av kp 2008, Eivindvik og Sløvåg.

føremål	kp 2008	kdp e	kdp sss	kp 2012
bustad	851	403	193	1447
fritidsbustad	4742	125	111	4978
forretning	72	0	0	72
offentleg	116	44	2	162
fritid, råstoff og næring	434	77	2317	2827
anna og kombinert	661	184	28	873
samferdsel osv.	21	70	1337	1429
grønstruktur, friområde	211	474	12	697
LNF	532904	3108	27117	563130
LNF spreidd bygningar	4186	1	8	4195
sjø generelt	277490	1248	5829	284567
ferdsel, farlei, småbåthamn	443	223	653	1319
fiske	6739	198	3273	10210
akvakultur	4381	0	197	4578
natur, friluftsliv i sjø, komb.	79349	187	5605	85141
Innsjø, vatn og vassdrag	8866	112	0	8978
Natur i innsjø, komb.	0	0	1678	1678
totalt	928655	6453	48361	983469
delar i KDPe + sss	54814			
totalt KP 2012 - 2024	983469			

2.3 Formålet med planarbeid:

Hovudføremål og utfordringar for bygda Brekke, Dalsøyra og Byrknes:

- Å sikre gode og tilstrekkelege areal for næringsutvikling innanfor planområdet.
- Å setje av område for bustadbygging, offentlege føremål, mm.
- Å setje av område for vidare sentrumsutvikling med fokus på kultur og handel for bygdesenter.
- Å avklare trafikktryggleik nettverk for fleire og ulike trafikkantar,
- Å avklare buffersone mellom dei ulike områda.

Nedanfor oversikt viser korleis utfordringar frå planstrategi til hørast satsingsområda frå samfunnsdelen og til kvar «**tema**» for konsekvensutgreiing dei blir knytt.

Planprogram

- Folketal utviklinga
(satsingsområde bustad / senterfunksjon)
Knytt til tema om samfunn med omsyn til «**befolkning og tenestebehov**» og «**Forholdet til strategi for framtidig arealbruk**»:

Alderssamansetjinga vil endre seg mykje. Tal eldre over 75 år vil auke kraftig frå 2020, medan tal innbyggjarar i yrkesaktiv alder vil gå tilsvarande ned. Stillar krav om nye måtar å løyse omsorgsbehovet på. I siste år var det vekst i folke tal. Utgreiingsbehov for å sikre denne veksten.

- Variasjon i arbeidsplassar
(satsingsområde infrastruktur / næringsliv)
Knytt til tema om «**transportbehov, teknisk infrastruktur**» og «**befolkningsutvikling og tenestebehov**»:

Industribedriftene tilbyr arbeidsplassar som er mindre attraktive for ungdommane våre. Utgreiingsbehov for noverande og nye type næring og geografisk plassering.

- Robuste bygdesenter
(satsingsområde bustad / senterfunksjon, infrastruktur / næringsliv)
Knytt til tema om «**befolkningsutvikling og tenestebehov**»:

Gulen er kommunen med spreidde busetnader. Det motverker trenden med konsentrasjon av kommunale innsatsen. Framleis behalde 4 bygdesenter. Utgreiingsbehov for identifisering og typering for dei 4 bygda. Utgreiingsbehov for analyse alternativ trengast tydeleggjering for «robuste bygdesenter» i forhold til likt tilbud og kva følgje har sånn målsetjing for handlings- og økonomiplan framover.

- Kvalitet på det kommunale tenestetilbodet
(satsingsområde bustad / senterfunksjon)
Knytt til tema om «**befolkningsutvikling og tenestebehov**»:

Utfordringa vår er å få felles forståing om kva som er dei beste strategiane. Utgreiingsbehov for de- / sentrale plassering, utvikle og behalde kompetanse. Vidare utbygging for samarbeid med andre kommunane.

- Folkehelse
(satsingsområde barn og unge / kultur)
Knytt til tema om «**befolkningsutvikling og tenestebehov**»:

Utfordring er å samordne dei tilboda og å få til samarbeid med lag, organisasjonar og andre frivillige.

- Klima og miljø
(gjeld alle satsingsområda)
Knytt til tema om miljø og særleg om «**samfunnstryggleik (ROS)**»:

Kommunale plikt for å ta omsyn til nye klimapåverknader, grunna nye retningslinjer for ras, flaum, ekstremvær, havnivåstiging mm.

Planprogram

2.4 Følgjande tema er vesentleg i nærare planarbeidet:

Tema blir oppdatert etter gjennomgang av planstrategi på førehand av planoppstart for samfunnsdelen og arealdelen.

Oversikt er oppdatert i følgje ny rettleiar for konsekventutgreiing frå MD 07/2012. Konsekvensutgreiing er delt i to temagrupper, Miljø og Samfunn.

Miljø:

1 Forureining

Gjeld klimagass og annet utslipp til luft, jord og vann.

Klima og energi. Det er førespegla ei kraftkrise i Vest-Noreg. Energiproduksjon vert sett på som ei nasjonal oppgåve.

Kjent kunnskap:

Energiutgreiing, KDP for klima og energi 2011, www.miljøstatus.no, VA kartbase frå Gulen kommune

Aktuelle vurderingar / utgreiingar og utgreiingsbehov:

Ved utbyggingsplanar kan det oppstå forureining til jord og vann. Påkopling på VA kan vere aktuelt.

I samanheng med fleire satsingsområda for infrastruktur / næringsliv, bustad / senterfunksjon, born og unge / kultur, er det utgreiingsbehov for redusering transportbehov.

Temaplan for energi (klimaomsyn, både energi og tilpassing)

Gulen kommune har Klima og energiplan 2011.

Fire vindkraftanlegg er søkt konsesjon til NVE på ulike steder i Gulen. Planforslag er levert til NVE for områda Sæternesfjellet ved Brandangar, Sandøyna ved Ånneland, Brosviksåta ved Eivindvik, Rutledal og Nordgulen, og Dalsbotnfjellet ved Breidvik, Rutledal, Nordgulen, Haveland og Nese.

Kan ein leggje til rette EL-stasjon for hybrid bilar i bygdesenter?

I Gulen Industrihamn, Sløvåg – Halsvik, pågår undersøking for ilandføring, tilrettelegging og markets-føring av gassrelatert industri.

Reguleringsplan for Næringspark Skipavika er starta opp i 2012.

2 Støy

Støy kan oppstå ved grove industriutbygging, store endringa i transportplanar mm.

- veg
- industribedrifter
- havner og terminaler
- skytebaner for lette våpen
- motorsport- og øvingsbaner
- vindmøller

ikkje aktuelt i Gulen:

- jernbane inkl. sporvei m.m.
- flyplasser

Planprogram

Kjent kunnskap:

Støykart frå statens vegvesen for alle fylkesveger i Gulen kommune.

Aktuelle vurderingar / utgreiingar og utgreiingsbehov:

Ved utbyggingsplanar kan det vere aktuelt at samferdsel aukar og infrastruktur treng tilpassing.

Dersom bustader ligg innanfor raude støysone frå veger gjeld avbøtande tiltak.

Kommuneplanen er overordna plan og kan stille krav for utgreiing i reguleringsplanarbeid. «Krav om RP».

3 Sikring av jordressursar (jordvern)

Landbruk og primærnærings, Sikre eit framleis aktivt landbruk og eit levande kulturlandskap.

I tillegg viser Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren på Svalbard (DMF) på mineralske ressursar i Gulen. Dei anbefalar å kartleggje områda med mineralressursane som omsynssone i kommunenplanen.

Kjent kunnskap:

«Areal Resurs 5» kart eller «Gards- og Jordbruk kart».

«NGU»

Aktuelle vurderingar/utgreiingar og utgreiingsbehov:

Kartlegging av jordbruk interessene ved tettstadutviklingar / sentrumsutviklingar (utbygging / omdisponering).

Kartlegging kjerneområdar for landbruk.

Kartlegging av mineralressursområda.

4 Naturmangfald

Forvalte natur- og miljøressursar på ein slik måte at ein kan vere stolt over å levere ressursane vidare til neste generasjon.

Verknader: Nye byggeområde og auka ferdsel på sjø og land kan påverke marint og landbasert dyre- og planteliv.

Kjent kunnskap:

arts databanken, kartlegging av naturtypar, EDNA, naturmangfaldvurdering, KDP for hyttebygging – Ytre Gulen og Strandsoneanalyse del 1

Aktuelle vurderingar/utgreiingar og utgreiingsbehov:

Strandsonekartlegging del 2 er i førebuingsfase. Kartlegging av viktige naturtypar (BM = biologisk mangfald, dyre- og planteliv) og vilt, fokusert på utvida områda for planlagt område.

5 Kulturminne og kulturmiljø

Grunna manglande samla oversikt er det i utbyggingsaker og arealplanlegging vanskeleg å kjenne til kulturminne ut over dei som er registrert frå før på førehand.

Kommunen bør lage ei samla oversikt over kulturminne og undersøker muligheit for å ta vare på kulturlandskap og å nytte kulturlandskap og kulturminne positivt i utviklinga av kommunen.

Verknader: Kulturminne kan verta råka av ny utbygging og meir ferdsle.

Planprogram

Kjent kunnskap:

Sefrak, Askeladden, www.fylkesatlas.no

Aktuelle vurderingar/utgreiingar og utgreiingsbehov:

Utarbeiding av ei oversikt over kulturminne, både registrerte og ein kjenner lokalt, for eksempel prestegards muren rundt Eivindvik og på Fonna og to Steinkrossar mm. Prioritert er områda innanfor bygdesenter.

6 Nærmiljø, grønstruktur og Friluftsliv

Friluftsliv. Legge til rette for idretts-, friluftsliv- og kulturliv for alle.

Verknader: Nye byggjeområde kan koma i konflikt med eksisterande eller ønska bruk.

Kjent kunnskap:

FRIDA, fylkesatlas, inngrepsfri-kart, kommunedelplan for idrett og friluftsliv (vedt. 2005, rev. 2006). Fylkes(del)planar.

Landskap og Strandsone. Utbygging har følgje for endringar i landskap som kan ha konsekvensar for vidare utvikling. Overordna landskapsanalyse gje samanhengande vurdering og tilråding for utviklingspotensiala.

Verknader: endring av landskapet som følgje av nye byggjeområde og tilretteleggingstiltak.

Kjent kunnskap:

KDP for Hyttebygging – Ytre Gulen, strandsoneanalyse del 1, skråfoto sjå www.nordhordlandskart.no, ortofoto www.norgeibilder.no, «Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen», strandsone rettleiar «strandsone ei felles ressurs», Fylkes sjekklister

Aktuelle vurderingar/utgreiingar og utgreiingsbehov:

Kartleggje friluftsemna: tursti, badeplassar, friområda (sjå også Kystarvenprosjekt). Setje heile sti nettverket i samband med Kystarvenprosjekt på plankart. Stor samheng med planlagt vindkraftutbygging.

Friområde og grønstruktur er viktig del av bygdesenter og legge til rette for leikeplass for born og unge. Skisseprosjekt for bygdeutvikling i samband med strandsoneanalyse del 2.

Strandsonekartlegging og kartlegging av kulturlandskap. Rullering av kommunedelplan for landbruk.

Samfunn:

1 Transportbehov

Trafikktryggleik, areal og transport, Nye byggjeområda, næringsaktivitet og fastlandsforbinding vil skape auka / endra trafikk.

Kjent kunnskap, regional transportplan for S og Fj., KDP for trafikktryggleik 2001-2004

Aktuelle vurderingar/utgreiingar og utgreiingsbehov:

Rullering regional transport for Sogn- og Fjordane og trafikktryggingssplan for Gulen. Utviklingsplan i dei 6 kommunedelplanområda bør takast omsyn til konsekvensar for samferdsel.

Planprogram

2 Teknisk Infrastruktur

TI og samferdsel og IKT, Utvikling i delområde kan få konsekvensar mellom anna for plassering av gang- og sykkelveggar. Ein bør setje krav til infrastrukturen med kommunen som styrande rolle.

Kjent kunnskap, diverse planar, Kyststamveg E39, FV57, ferjelei utvikling

Aktuelle vurderingar/utgreiingar og utgreiingsbehov:

Rammeplan for avkjørsler med lagt inn tryggleiksklasser.

Overordna ramme for overtaking av private vassverkar ved kommune.

Fiskerihamn (Kystverket) som identitet på plankart.

Rullering av trafikktryggingssplan for Eivindvik i samband med tilskot for skulevegmidlar.

Vurdering om rullering av kommunedelplan for VA pågår.

Overordna mål for breidband teneste i heile Gulen.

3 Befolkning og tenestebehov

Born og unge skal trivast så godt i kommunen at dei får lyst til å busetje seg her.

Utvikling av lokalsamfunn. Utfordring er å samordne dei tilboda og å få samarbeid med lag, organisasjonar og andre frivillige.

Kvalitet på det kommunale tenestetilbodet, Utfordringa vår er å få felles forståing om kva som er dei beste strategiane.

Grunneigar interesser Ikkje minst viktig at lokalsamfunn har sine eige utviklingsmogelegheiter og at noverande interesser tatt omsyn til.

Næring og Regional utvikling. Vedteke utgangspunkt frå planstrategi og samfunnsdelen gje overordna rammar for Gulen for næring og regional knytt utvikling.

Vidareutvikling av næringsverksemdar i Gulen er kommunen sin hovudstrategi for å utvikle fleire arbeidsplassar.

Alderssamansetjinga vil endre seg mykje. Tal eldre over 75 år vil auke kraftig frå 2020, medan tal innbyggjarar i yrkesaktiv alder vil gå tilsvarande ned. Stillar krav om nye måtar å løyse omsorgsbehovet på.

I siste år var det vekst i folketal. Utgreiingsbehov for å sikre denne veksten framover i periode 2012 – 2024.

Kjent kunnskap:

Barnetråkk, fylkes(del)planar, regionale og statlege prosjekt, Kyststamveg E39, Utvikling langs FV57.

Aktuelle vurderingar/utgreiingar og utgreiingsbehov:

Vurdering og oppgradering på overordna nivå for offentlege og private tenesteyting i heile Gulen og knytt til vedteke bygdesenter.

- Oppgradering av symjebasseng?
- Moglege samanslåing av barnehage med ungdomsskole?

Kartlegging av viktige uteområde for barn og unge. (Barnetråkkregistrering)

Utgreiingsbehov for omsorgsteneste og oppstart av «frivillig sentrale» i Gulen.

Planprogram

Som skildra i planprogram vil administrasjonen tar omsyn til innspel. I denne rulleringen av planen er prioritert delområda for Brekke, Dalsøyra og Byrknesøy.

Dagens bygdesenter i Gulen er Eivindvik (kommunesenter), Brekke, Dalsøyra og Byrknes. Sløvåg er i hovudsak utvikling for næring. Kva «hovudføre mål» og typering kan vi bestemme for dei 3 bygdeområda?

Utgreiingsbehov for bygdesenter med fokus på betyding, typering, forklaring for «robuste bygdesenter» og særeigne eigenskapar for kvar bygda.

Vurdere framtidig behov for næringsareal, både på kort og lang sikt. Hindre konflikter mellom næringsverksemd, bustad og andre føremål. Utvikling og rulling av næringsplan for Gulen med ulike aktørar og kvalitetssikra i regionen. Masfjorden har starta opp arbeid med næringsplanen også. Utgreiingsbehov for de- / sentrale plassering, utvikle og behalde kompetanse. Vidare utbygging for samarbeid med andre kommunane.

Fiskeridirektoratet ber om at områda som er sett av til akvakultur i gjeldande kommuneplanen vert oppretthalde.

4 Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit (ROS)

Kommunen har svakt datagrunnlag for vurdering av naturrisiko/fareområde. Samfunnstryggleik skal vere ein viktig premis for all planlegging i kommunen, og for kommuneplanen sin arealdel. Ei utvikling mot meir ekstremt ver, gjer det naudsynt å ta betre omsyn til naturrisiko (som flaum, ras og vind).

Kjent kunnskap:

Nasjonale databasar for flaum, skred, grunntilhøve www.nve.no og www.skrednett.no. Prognosar for endra klima og havnivå, www.klimatilpassing.no

Aktuelle vurderingar/utgreiingar og utgreiingsbehov:

Klima og Miljø: Kommunale plikt for å ta omsyn til nye klimapåverknader, grunna nye retningslinjer for ras, flaum, ekstremvær, havnivåstiging mm.

Kartlegging av Risiko og sårbarheits analyse (ROS).

Kommunen har ein Beredskapsplan ajourført i 2011.

Ivareta emne om vassdrag, grunntilhøve, flaum, skred, brann, eksplosjonsfare, utslepp til sjø, vassdrag og luft. I tillegg nemnast støy.

Viser til Sjekkliste for ROS-analysen, som å karakterisere hovudtema, som:

Skred, Klima, Fare, Industri, Trafikkfare, Skipsfart, Trafikknytepunkt, Natur og Kulturminne.

5 Forholdet til strategi for framtidig arealbruk

Busetnad. De siste har det vore ein nedgang i folketalet i Gulen kommune.

1. januar 1996 var folketalet 2503. 1. januar 2012 var folketalet redusert til 2310 personar. Sidan 2009 (2283) var det auka folkemengda, 27 personar = 1,2 %. Det er ei utfordring å avgrense/behalde denne trenden i planperioden.

I Gulen er det regulert / planlagt 44 reguleringsplanar, totalt ca. 4600 daa til ca. 1025 fritidsbustader. Her av er 26 planar utbygt, totalt ca. 2486 daa til ca. 450 fritidsbustader. I matrikkel er det registrert totalt 1063 fritidsbustader. I dag er ulike

Planprogram

bustader rundt om kring i bruk som heile års fritidsbusetnad. I matrikkel er det registrert 266 bustader nytta som fritidsbustader, det 28 %! av registrerte 959 bustader.

Per saldo betyr det at enno ca. $1025 - 450 = 575$ fritidsbustader er ikkje utbygd og i planleggingsfase. Dersom alle blir utbygd er det ca. $1063 + 575 + 266 = 1904$ bustader i Gulen i bruk som fritidsbustad / hytte. Det er cirka 3 gonger så mange enn faste bustader, nemleg $959 - 266 = 693$ bustader.

Kjent kunnskap:

Strandsone analyse, KDP for hyttebygging – Ytre Gulen,

Aktuelle vurderingar/utgreiingar:

Folketalsutviklinga: omsorgsbehovet

Variasjon i arbeidsplassar: interesseutvikling for ungdommane i Gulen

Robuste bygdesenter: kommunale innsatsen mot spreidd busetjing og bruk av bustad for fritid. Vidare utvikling for hyttebygging er ikkje prioritert i denne rulleringa.

Kvalitet på det kommunale tenestetilbodet: rekruttering, fellesforståing og mulig sentralisering.

Folkehelse: satse på samarbeid. Det nøeleg tilsett folkehelse koordinator i 50% stilling for utvikling samhald.

Utgreiingsemna:

- plasseringar av nye bustadfelt,
- arealbruk for småbåtanlegg i tilknytning til utbyggingsområder på land
- fortetting av eksisterande område,
- avstand til arbeidsplassar,
- avstand mellom skule og barnehage,
- byggegrenser mot vassdrag
(Strandsoneanalyse, ivareta PBL §1-8, fastsetje byggjegranser.)
- Unngå fritidsbruk av bustader i bygdesenter for fast busetjing.

Ymse. Innspel i tidlegare planarbeid blir sjekka og eventuelt tatt med vidare i rulleringen.

2.5 Tema for konsekvensutgreiing:

Miljøverndepartement har nyleg utarbeidd revidert rettleiar for konsekvensutgreiing. Sjå T-1493, «Konsekvensutredninger Kommuneplanens arealdel» 07/2012.

På neste side står tabell 2, som oppsummering av tema i § 2.4, med tema for konsekvensutgreiingar med moglege verknader, kjent kunnskap og utgreiingsbehov.

Vedlagt er eksempel (følgjar tema i tabell 2) av sjekklister for konsekvensutgreiing som vert brukt til vurdering av konsekvensar for enkelt område (innspel).

Som illustrasjon for innspel blir vist noverande delen av arealplankart og ny arealplankart som forslag til endring. Eventuelt kjem i tillegg nærare bilete.

Planprogram

Tabell 3: tema for konsekvensutgreiing

Tema	Moglege verknader	Kjent kunnskap	Utgreiingsbehov
Miljø:			
1 Forureining	klimagass og anna utslipp til luft jord vann, utbyggingsplanar energiforbruk	www.miljostatus.no VA kartbase, Energiutgreiing KDP for Klima og energi	Vidare krav for utgreiing i RP, Vurdering av nivå på utbygging, avbøtande tiltak. Redusering transportbehov.
2 Støy	Industriutbygging, trafikkplan	Støykart frå vegvesen	Støykrav kan ofte vidare førast til RP
3 Sikring av jord ressurar Landbruk og primær næring	Tap av dyrka og dyrkbar mark	Gardskart, Areal-Ressurskart	Detaljert vurdering av eventuelle enkeltområde / kjerneområdar
4 Naturmangfald Natur og Miljø BM (Dyre- og planteliv)	Nye byggeområde og auka ferdsel på sjø og land kan påverke marint og landbasert dyre- og planteliv	Kartlegging av naturtypar, EDNA, artsdatabanken	Viltkartlegging, utfyllande kartlegging av naturtypar, strandsoneanalyse del 2
5 Kulturminne og kulturmiljø	Kulturminne kan verta råka av ny utbygging og meir ferdsle.	Sefrak og Askeladden	Kartlegging av automatisk freda kulturminne i nye byggeområde, jf kulturminne-lova § 9. Registreringa innanfor planområdet kan vere mangelfull.
6 Nærmiljø grøstruktur friluftsliv rekreasjon	Nye byggeområde kan koma i konflikt med eksisterande eller ønska bruk	FRIDA, fylkesatlas, inngrepsfri-kart Kystarven tursti prosjekt	Eksisterande og framtidig bruk, Kartlegging friområda strandsoneanalyse del 2
Landskap og strandsone	Endring av landskapet som følgje av nye byggeområde og tilretteleggingstiltak	Kommunedelplan Hyttebygging, strandsoneanalyse del 1 Skråfoto, ortofoto	Overordna landskapsanalyse for aktuelle område Strandsoneanalyse del 2
Samfunn:			
1 Transportbehov Trafikktryggleik areal og transport	Nye byggeområde, næringsaktivitet og fastlandsforbindelse vil skape auka / endra trafikk	KDP for trafikksikring (2001-2004)	Regional transport-plan for S Fj. Rullering trafikktryggingssplan
2 teknisk Infrastruktur, samferdsel og IKT	Behov for oppgradering / ny infrastruktur knytt til nye næringsområde. Auka sjøvegs transport og hamnefunksjonar.	Diverse planar og prosjekt, kommune, BKK, private	Nødvendige tiltak i utbyggingsområde Registrering fiskerihamn Rullering trafikktryggingssplan
3 Befolkningsutvikling og tenestebehov Lokalsamfunn/ barn og unge/ grunneigar /helse	Etablering av meir industri kan påverke det etablerte lokalsamfunnet Universell utforming	Barnetråkk Dalsøyra, fylkes(del)planar	Vurdere konsekvensar for lokalsamfunnet / barn og unge / grunneigar / næring Barnetråkk for andre bygdesenter Kommunal tenestebehov Folkehelse
Næring og Regional utvikling	Utvikling av næringsliv og sysselsetjing i regionen.	Regionale og statlege prosjekt	Sjå i samanheng med regionale prosjekt og analysar. ROS
4 Samfunns-tryggleik (ROS)	Nye byggeområde kan ha risiko for utslepp til sjø og luft samt andre ulykker. Havnivå-stigning, ekstremver	Nasjonale databasar for flaum, skred, grunntilhøve. Prognosar for endra klima og havnivå.	Eventuelt eige ROS analyse Mulig aktualisering beredskapsplan for Gulen
5 Forholdet til strategi for framtidig arealbruk Busetnad	Utviding i strandsone. Tilgjenge for alle i aktuelle byggeområde.	Areal GIS analyser Strandsoneanalyse	«Robuste bygdesenter»? kommunal tenestebehov Folkehelse, samhald

Planprogram

3.0 Organisering

3.1 Ansvar

Formannskapet er styringsgruppe for arbeidet.

Administrasjonen har ei plangruppe, samansett av rådmann, leiar plan, landbruk og teknisk, landbrukskonsulent, og plankonsulent. Plangruppa vil møtast ofte og samarbeide tett.

For kvar delplan kan eksterne ressursar fungere som referansegruppe til ulike fagfeltsspørsmål og interesse, involvering av nabokommunen i planarbeid er mulig. Det vil verte vurdert å etabler andre (referanse-) grupper/utval dersom behov.

3.2 Medverknad

Regional organ - Planprogrammet skal klargjere korleis ulike interesser (grupper, personar, lag, foreiningar osv) kan og skal delta i planlegginga. Planforum som regional organ er deltakar i prosessen.

Planprogram - Vi oppfordrar til medverknad og innspel ved å stille spørsmål om viktige tema.

Infoavis - Varsel om oppstart vert sendt til alle husstandar gjennom den kommunale informasjonsavisa. Infoavis kjem ca. 2 veke før kommunestyremøte.

Internett - Legg opp til å nytte internett aktivt til informasjon og innhenting av synspunkt gjennom heile planprosessen. Informasjon og viktige dokument vil verte lagt ut på www.gulen.kommune.no under ny side: *planar og prosjekt* (sjå linken under Organisasjon).

Her kjem fram link til «braPLAN» <http://braplan.geoweb.no/braplan/> også for å gje muligheit for å følgje prosessen.

Grendamøter - Det skal gjennomførast «ope møte» innan høyringsperiode av dette planprogrammet, cirka i periode nov. 2012 – jan. 2013.

Det er tenkt å bruke aktivt arbeidsmøte for kvar bygda med interesserte for å laga fyrste skisse for bygdeutvikling i Brekke, Dalsøyra og Byrknesøy.

Det er planlagt prosjekt for strandsoneanalyse del 2 som tar omsyn til dei 3 bygda for og å utgreie utvida strandsoneanalyse i samarbeid med konsulentfirma som stillar i oppstartsfase for kvar bygda.

Møter/samarbeid - Inviterte aktuelle grupper til diskusjons- og samarbeidsmøte. Døme på grupper vil vere barn og unge og næringslivet. **Barnehagane og skulane i bygdesenter blir oppmoda for å gjennomføre barnetråkkregistrering, slik som vart gjort ved rullering av kommunedelplan for Steine-Sløvåg-Skipavik.** Kommunen vil invitere statlege og regionale myndigheiter til planforum/samrådsmøte etter behov.

Offentleg ettersyn - arealplanen vert utarbeidd med bruk av arealanalyse, kartfesting av innspel til endra, arealbruk, behovsanalyse, konsekvensutgreiing (KU) og risiko og sårbarheitsanalyse (ROS).

Planprogram

3.3 Framdrift kommuneplan, mal for revisjon av arealdel (EKSEMPEL)

Overordna Planprogram	sep	okt	nov	des	jan	feb	mar	apr	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des
Oppstart planprogram	■														
Utarbeiding planprogram		■													
Vurdering om konsekvensutgreiing															
Vedtak høyring av planprogram			V												
Vedtak oppstart av planarbeid		V													
Kunngjering : oppstart med planprogram															
Høyringsrunde og offentlig ettersyn			■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
Handsaming: innspel til planprogram															
Fastsetje planprogram ved Kst					V	V									
Utsending planprogram															
Rullering samfunnsdelen															
Oppstart revidering samfunnsdelen			■												
Utrgeiing og alternativ analyse			■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
vedtak offentlig gjennomsyn					V										
høyringsperiode															
vedtak revidert samfunnsdelen							V	V							
Kunngjering av vedteke plan															
Strandsoneanalyse del 2															
oppstart med konsulentfirma			■												
arbeid med analyse			■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
Arbeidsmøte Brekke - Dalsøra - Byrknes															
Ferdigstilling planrapport og kart															
Arealdel															
Medverknad: arbeidsmøter i bygda			■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
høyring: innspel til planen			■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
Medverknad: arbeidsmøter i bygda			■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
Utarbeide planforslag m/KU			■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
Vedtak: offentlig ettersyn												V			
Offentleg ettersyn av plan m/KU													■	■	■
Handsaming: Innspel															
Vedtak: plan m/KU														V	V
Kunngjering av vedteken plan															

Planprogram

4.0 Planføresetnader og overordna rammer

Ei rekkje nasjonale mål og føringar legg rammer for arbeidet med kommuneplanen.

Oppsummering		År
a	Rikspolitiske retningslinjer	
	Samordnet areal- og transportplanlegging	1993
	Barn og planlegging	1995
b	Andre overordna føringar	
	Den europeiske landskapskonvensjonen	2004
	St.meld. Nr. 21 Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand	2003
c	Lover / Forskrift / Rundskriv / Publikasjonar:	
	Plan og bygningslov	2009
v	Havne- og Farvannslov (LOV-2009-04-17-19)	2010
	Naturmangfaldlov og nye rettleiar for vurdering	
v	Kulturminnelova	
v	Energilova (NVE)	
v	Forskrift om konsekvensutredning T-1493 (samt rettleiar: endringar i forskrift om konsekvensutgreiing 16.10.2009)	2009
v	Forskrift om Kommuneplanprosessen – samfunnsdel – handlingsplan T-1492	2008
v	Forskrift om kommuneplanens arealdel T-1491	2008
v	Forskrift om kommunal planstrategi T-1490	2008
	Forskrift om krav til byggverk og produkta til byggverk (TEK).	2009
	Forskrift om farleder	-
	Forskrift om tiltak som krever tillatelse frå Kystervet (FOR-2009-12-03-1449)	2009
V	Temarettleiar «Barn og unge og planlegging etter PBL» (2012) T-1513	2012
	Rundskriv Nasjonale mål og interesser i fylkes- og kommuneplanlegging T-2/98 B	1998
	Rundskriv Tilgjengelighet for alle T-5/99	1999
	Rundskriv Arealplanlegging og utbygging i fareområder T-5/97	1997
	Rundskriv Lover og retningslinjer for planlegging og ressursutnytting i kystsonen T-4/96	1996
	Rundskriv Kulturminnevern og planlegging etter plan- og bygningsloven T-4/92	1992
	Vern om jord og kulturlandskap	2006
	Statens melding 16 Resept for et sunnere Norge	-
	Statens melding 23 (2001-2002) Betre miljø i byer og tettsteder	2001-2002
	Statens melding 26 (2006-2007) Regjeringens Miljøvernpolitikk og rikets Miljøtilstand	2006-2007
	Statens melding 29 (1996-1997) Regional planlegging og arealpolitikk	1996-1997
	Statens melding 34 klima	-
	Statens melding 39 (2002-2003) nedbygging av funksjonshemmende barrierer	2002-2003
	Statens melding 40 (2000-2001) Friluftsliv	2000-2001
	Statens melding 42 (2000-2001) Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning	2000-2001
	Statens melding 58 (1996-1997) Miljøvernpolitikk for ein berekraftig utvikling (jf. Særleg avsnitt om << miljøvern i kommunane til lokal agenda 21>> - avsnitt 3.4.2. m.m.)	1996-1997
	Universelle Utforming og handlingsplan 2009 - 2013	2009
	Plan og kart etter plan- og bygningsloven	2005
v	Retningslinjer for behandling av støy i arealplanleggingen T-1442 og TA-2115	2005
	Retningslinjer for planlegging av fritidsbebyggelse T-1450	-
	Skjerpning av planpraksis og dispensasjonspraksis i strandsoneområdene	1999-2002
	Retningslinje NVE 1/2008 planlegging og utbygging i fareområder langs vassdrag	2008
v	Retningslinjer 2/2011 «Flaum og skredfare i arealplanar»	2011
	Retningslinje kjerneområde Landbruk	2005
v	Tema rettleiar «Landbruk og planlegging etter PBL» (SLF)	
	Retningslinje GIS i samfunnssikkerhet og arealplanlegging (Sjekkliste for ROS-analyser)	-
	Retningslinje for lokal klimatilpassingsstrategi	-
	Sjøkart og publikasjon "den Norske Los"	-

Planprogram

Oppsummering		År
d	Regionale målsetjingar og rammer	
	Fylkesplan 2005-2008 "Vegen vidare for Sogn og Fjordane"	2005-2008
	Fylkesdelplan: Klima og energi	-
	Fylkesdelplan: Idrett og friluftsliv	-
	Fylkesdelplan: Landbruk	-
	Fylkesdelplan: Arealbruk – retningslinjer og sjekklister jf. PBL §§ 19 -6 og 23 nr. 3	2000
	Fylkesdelplan for Gulen, Masfjorden og Høyanger sør	1993
✓	SFDH-rapport: Kulturlandskap i Sogn og Fjordane, bruk og vern	-
✓	Naturtypekartlegging i Gulen kommune	-
✓	Forvaltningsplan for vassregion Vestlandet for planperioden 2010-2015	2010
✓	Tiltaksprogram for vassregion Vestlandet for planperiode 2010-2015	2010

V= revidert i denne rullering

Planprogram

5.0 Reguleringsplanar innanfor planområdet

Her følgjar oppsummering av alle reguleringsplanar som er registrert i planregisteret i periode 1973 til og med 2012, sjå <http://braplan.geoweb.no/braplan/> .

Av 132 reguleringsplanar er:

Plan under arbeid:	23
Plan gjeldande:	68
Erstatta – utgått:	18

Andre statistikk for reguleringsplanar med hovudføremål:

Hovudføremål:	daa	tal
Bustad	530	219
Ferjekai	409	4
Fritidsbustad	4492	984
Industri	6377	7
Kultur	800	3
Næring	251	8
Skule	16	1
Veg	628	10
Vindmøller	0	0
Totalt	13503	

Ei rekkje reguleringsplanar ligg innanfor kommune(del)planen.

Sjå for kvar delområde→

Innan delområda ligg 31 reguleringsplanar: omfattar totalt 956 daa

Plan under arbeid:	5
Plan gjeldande:	23
Erstatta – utgått:	3

Andre statistikk for reguleringsplanar med hovudføremål:

Hovudføremål:	daa	tal
Bustad	264	124
Ferjekai	113	2
Fritidsbustad	303	51
Kultur	158	2
Næring	91	4
Skule	16	1
Veg	12	2
Totalt	956	

Planprogram

6.0 Sjekkliste for konsekvensutgreiing

Innspel 1 <bygdesenter> <områdenamn>


Dagens føremål: <føremål>

Foreslått Føremål: <framtidig føremål>

Arealstorleiken: ca. <0> daa.

Forslagstillar: <namn>

Skildring:
<av innspel og forslag>.



Verdien av området knytt til miljø og samfunn:

Miljø- og samfunnsverdiar	Lokal	Regional	Nasjonal	Merknad
Rekreasjon friluftsliv				Fylkesdelplan for friluftsliv
Kulturminne-/landskap				Registrerte område
Naturverdiar				Registrerte prioriterte naturtypar
Primærnæring				Dyrka mark, fylldyrka jord, skog og fiske
Barn og unge				Bårnetrakk, samfunnsregistrering

*Forklaring: * = liten verdi, ** = middels verdi, *** = Stor verdi, - = ingen*

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk:

Tema	konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag, usikkerheit
Miljø		
1 Forurensing, klimagass, utslipp til luft, jord, vann		Miljøstatus
2 Støy		Støykart
3 Sikring av jordressursar (jordvern)		Landbruksareal AR5, strandsone
4 Naturmangfald		Arts databank og prioriterte naturtypar
5 Kulturminner		
6 Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv		Fylkesdelplan,
Samfunn		
1 Transportbehov		Trafikktryggleik, transportplan
2 Teknisk infrastruktur		VA, samferdsel, IKT
3 befolkningsutvikling og tenestebehov		Born og unge, samfunn, næring, UU
4 Samfunnstryggleik risiko og sårbarheit		Eige ROS? (tabell)
5 Forholdet til strategi for framtidig arealbruk		Busetnad, andre utviklingar

Forklaring: konsekvensar

Negativ (-)	Ingen (0)	Positiv (+)
-------------	-----------	-------------

Samla vurdering og eventuelle alternativa: <skildring>.

Konklusjon: Området vert <teke / ikkje teke> med ved utlegging til 1. gongs offentleg ettersyn.

<eventuelt bilete frå synfaring>